

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 Fylke: Nordland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Kjerringøy.
 Emne: Ard og plog Bygdelag: Os
 Oppskr. av: E. Tidemann Gard: Stranda
 (adresse): Kjerringøy G.nr. 46 Br.nr. 5
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Lærer og bonde. 65 år.

1. Her i bygda er i bruk både ard og plog. Men
 i dei siste 20-25 åra er „hesthakke“ mykje
 kome i staden for 2 arden. - SVAR
 Ordet ard vert både her i Salten og på
 Helgeland uttala med tjukk l og lang a
 - åh. Verbet vert nemnd, like eins - å åh.
2. Arden er endå i bruk her i bygda. Han vert
 bruka til å laga runder med vår ein
 set potet. Aakeren må då vera pløggd
 og godt harva så molda er somtåra.
 Arden vert då kjørd alt og tran, ikkje
 på kryss og tværs. Og har ikkje kjenskap
 til at nokon bruka arden til å mylde
 ner kornet. Hadde - eller har - bonden
 hest brukar han harva til det. Har han
 ikkje hest brukar han grev eller rive.
3. Arden vert bruka til å stå opp rader -
 laga runder - når ein set potet. Den
 same arden vert nytta som hysplog
 Her i bygda er ingen skilnad på dei
 to reidskapa.
4. Den ard som er i bruk her liknar mest
 på type 6 eller 7. Type 1-3 er ikkje kjend
 her i bygda. Dei skjekene som det er
 nemnd er og itkjende her.

5 Dei skjakene som er nemnd både under 3 og 4 er ikkjende her.

6 Arden er sett saman av gånse delar. Han kan ha ein eller to armar, har ein ås, so veltefjeler og eit ~~st~~ skjær. Bøndene her har brukt same skoklane til arden som til plogen- og plogskoklane.

7 Det eg vit er det berre ein type ardskejer i bygdene her. Som oftast har kvart bråk sin ard. Men det hender òg at eine grannen lånar hjå den andre, Noko samarbeid, slik at eine mannen har ein sort og andre grannen ein annan, kjemur eg ikkje til.

8 Fvar ard hadde veltefjeler for å gjeva føra (randa) bruidare. Var arden noko lite for seg gjort kunne desse veltefjelenene bli stilla slik at føra (randa) var bruidare eller smalarar etter som ein ville.

9 Her i Salten eller på nord Helgeland har ikkje vore i bruk harver av noko slag som var nemnd ard.

10 På dei fleste ardane var det stilling på åsen så ein kunne få arden til å laga djupare eller grunnare runder. Men det var laga på ein annan måte enn som vist på fig. 3.

11 Den type ard vi her i Nordland har brukt likna mest på type 7. På arden var aldri brukt ristell. Arden var berre brukt til å arda opp runder av potetene og til å hylpa med. Mange nemnde difor arden for hylp plog.

III

Veltjefjölene kunne vera anten av tre eller jarn, eller av tre föra med jarnplatar.

12. Dei fleste böndene laga arden sjölv om dei hadde smie på garden. Hadde dei ikkje det måtte bygdesmeden gjera det jarnverket som skulle til. Men eg har og sett ardar laga av berre tre. Eg kan ikkje minnst at eg har sett ardar kjøpt frå maskeinhandlerar. Ei vinnar sak er at det i dei seinare åra er kome i bruk eit reidskap som er nemnd "hesthakke". Det reidskapet er meir innflokt enn arden og må vera fabrikkarbeid. Det tok til å koma i bruk her kring hundre årskiftet

PLOGEN.

13. Eg kjøpte gard i 1921 her i Kjerringøy. Mannen som selde til meg hadde heimegjord plog. Den ploget var arbeid av ein smed her i bygda. Same smeden arbeidde fleire plogar. Men beste plogsmeden kring hundre årskiftet budde i Bodø. Gode var bodøplogane, men dei var noko dyrare enn dei smedane i heimebygda gjorde så det vart ikkje så sers mange av dei utover bygdene. No er desse handsmidde plogane heilt utlevla av fabrikkplogane. Dei handsmidde plogane vart betala med 25 kr opp til 40 kroner

14. Den type som er nemnd i fig 8 er ikkje kjend av meg og om han har vore nytta i Nordland må det vera lenge sidan. Den

IV

typen og minnest og har høyred om likonar
fig. 14. På den ploegen var veltfjola av jarn
og vidd. All i ploegen var av jarn så
nar som åsen. Fær var av bjerk.

15. Mitt minne rekk til 1890. Då hadde
ikkje plogkaren korkje øks eller spade
med for å renske ploegen. No skal det og
nemnast at jorda fær og farfar pløggde
i var magre jord - gamal elvebotn -
med mjøke grus og småstein. Det slag
jord har det ikkje med å festa seg med
arbeidsredskapa.

16. Når plogkaren kjøpte attende, vart
ploegen aldri lagt på veltfjola. No ville
då slita for mjøke. Ploegen vart då
lagt på åsen som ofte var føra med
ein klabb. Noko særskilt namn på
den klabben høynde eg ikkje.

18. På dei gardsbruk og har kjennskap
til skikk og bruk, hadde dei berre høg-
plog.

19. Djupna kunne gense noko - ein 15 til
18 cm. Det var vanleg å se at ein måtte
ikkje pløya for djupt, for då fekk ein
opp "dåmold". Djupna vart høvd inn
enten av eit hjul eller ein hak framme
på åsen av ploegen.

20. Alle plogane og har kjennskap til
hadde både ristel og skjær. Ristelen
skar det lodderette snitt i jorda medan
skjæret skar det vass-rette snittet.

21. Eit reidskap som det her nemnde
er ukjend av meg. Eg trur ikkje det
har vore i bruk i Nordland.

22. Og har ikkje kjenskap til at nokon hadde ein særskild slede til å kjöra plogen på når ein drog ut. Ein bonde som hadde hest og plog hadde òg oftast ei vogn. På tider plogen var i bruk var det ikkje sledeføre. Plogen vart kjörd i vogn.

23. Fokkje Falkensteinplogen eller Jørlsberg plogen er kjende hjå oss.

Det ridskapet som veltar jorda til ei side er plog. Det som veltar jorda til baa sider er ard.

Om uttalen av ordet ^{ard} Ljå bolck i Både ard og plog er hantkjensord. I målfoeret er ordet plog nemnd med tjukk l skrive l plog. Verbet pløja vert og uttala med tjukk l og vert böygd: å pløij - pløij - pløgd ha pløidd

Kjerrungöj mai 1948

Edemann

1560

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING